
Fra: Øvstebø, Tore Johan [mailto:tore.johan.ovstebo@kirken.no]

Sendt: 29. august 2014 09:58

Til: Postmottak HOD

Emne: Høyrings svar frå Møre biskop og Møre bispedømeråd om presisering av grensa for seinabort

Helse- og omsorgsdepartementet

Postmottak

Dato: 29.08.2014

Vår ref: 14/2673 - 2 TJO (14/19865)

Dykkar ref:

Høyrings svar frå Møre biskop og Møre bispedømeråd om presisering av grensa for seinabort

Viser til utsendt høyringsnotat frå Helse og omsorgsdepartementet med forslag til endringar i abortforskriften.

Møre biskop og Møre Bispedømmeråd vil med dette avgi felles høyrings svar, og har fylgjande kommentarar og innspel til høyringa:

1. Ang. § 18 i abortforskriften

Vi støttar tilføyinga i abortforskriften §18 som understrekar at tillatelse til svangerskapsbrot ikkje kan gis etter 22. svangerskapsveke, og at dette vert forstått slik at fosteret etter 22. svangerskapsveke skal ha fullt rettvern så sant det ikkje har ein tilstand som er uforenlig med liv – eller det er overhengande fare for kvinna sitt liv og helse.

Grunngjeving:

I den nye teksten i § 2 i Grunnlova heiter det at «*Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv. Denne Grunnlov skal sikre demokratiet, rettsstaten og menneskerettighetene*». Vidare heiter det i § 93 i Grunnlova at «*Ethvert menneske har rett til liv.*»

For kyrkja er det ufødde livet – i tråd med den kristne arven - innlemma i forståinga av kven som treng vernet frå rettsstaten og menneskerettane. I ei av dei faste kyrkjebønene som vert nytta i gudstenestene ber vi for «det ufødte liv». Kyrkja har opp gjennom alle år definert fosteret som eit liv – som treng vern. Mange, både utanfor og innanfor kyrkja, diskuterer korleis verdien av eit foster skal definerast. Om ein skal sjå på fosteret som eit menneske eller ikkje. Det er tankevekkande at ein i Skandinavia ser stadig ferre fødsjar av barn med Downs syndrom. Det er ikkje til å underslå at dette har samanheng med vår abortpraksis. Vi meiner det norske samfunn kan gjere meir for å legge til rette for at dei som

ynskjer å bære fram barnet sitt også når det medfører store omstillingar og omsorgsbyrder, skal få hjelp og støtte til å gjennomføre svangerskapet.

Vi meiner det er ein grunnleggande mangel ved abortlova – at den ikkje understrekar fosteret sin verdi heilt frå befruktinga, sidan det uomtvistelig er eit menneske som vert forma dag for dag, veke for veke. Vi meiner lova burde hatt ein slik verdiparagraf, sjølv om formålet med lova er å gi kvinner rett til sjølvbestemt abort. No er ikkje dette tema for høyringa, men presiseringa av at fosteret skal ha fullt rettsvern frå 22. veke er ei viktig presisering. Samstundes problematiserer denne fastsettinga det glidande rettsvernet fosteret har i vekene mellom 12. og 22. veke. Dette kjem også tydelig fram gjennom den utviklinga som har skjedd i forhold til at tidlegfødde barn får behandling stadig tidlegare i svangerskapet.

Kjernen i §18 har alltid vore formuleringa «*dersom det er grunn til å anta at fosteret er levedyktig*». Dette er ein heilt logisk premiss dersom ein godtek at fosteret har eit aukande mennekseverd i utviklinga frå embryo til fullbore foster. Og sjølv om dette samsvarar med den almenne oppfatninga, er det all grunn til også å problematisere ei slik relativisering av menneskeverdet. Innanfor tradisjonell kristen etikk er det Gud sjølv som formar mennesket i mors liv, og derfor har alle menneske Guds stempel på seg uavhengig av våre vurderingar om kva som er verdifult og ikkje, kva som er sjukt og friskt, kva som er levedyktig og ikkje. Vi ser at slike grunnleggande etiske vurderingar ikkje høyrer heime i lovteksten, men som kyrkje vert vi utfordra til å sjå på mennesket med Guds auge – og då er alle like verdfulle.

2. Ang. § 11 i abortforskriften

Vi støttar også presiseringa som vert gjort om medlemmene i primærnemdene. Det er svært viktig å sikre kvaliteten i arbeidet til desse nemdene ved å presisere kven som er faste medlemmer, og kven som er varamedlemmer.

Vi er undrande til at nemdene berre har to medlemmer, og vil foreslå at det vert vurdert å utvide nemdene til tre medlemmer – der to av dei er legar utanfor avdelinga der svangerskapsavbrot vert utført.

Ingeborg Midttømme
Biskop

Tore Johan Øvstebø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og manglar signatur frå underskrivarane

Kopi til:

Mottakere:

Helse- og omsorgsdepartementet

Postmottak